

Outlines Sal 23. Herren er min Hyrding

Roald Kvam © 2008

1. *Innleiing.*

a) **Form.**

- Salmetypen *tillitssalme*. Vi møter eit enkelt menneske si vedkjenning til Gud, og talar difor om ein "individuell tillitssalme".
- Vanlege trekk ved ein tillitssalme:
 - 1) Ein grunntone av tillit på bakgrunn av erfaring.
 - 2) Eit vitnemål om korleis Herren svarar dei som søker han.
 - 3) Ei skildring av Guds vern og omsorg gjennom bileter og likningar, såkalla allegoriserande biletbruk.

b) **Inndeling.**

1-4: Herren er den gode *hyrde*.

5-6: Herren er den gode *vert*.

c) **Bakgrunn.**

- "Ein Davidssalme" sml "Herrens hus" (jfr 1 Sam 1, 3: 3, 1; 2 Sam 6).
- Biletbruken er gammal og godt kjent i Israel (jfr 1 Mos 48, 15: 49, 25).
- Biletbruken er naturleg for David med hans bakgrunn som hyrde (1 Sam 16, 11: 17, 34ff).
- Bruken i Bibelsk tid er ukjent. Salmen er elska og mykje lest i den kristne menigheten.

2. *Salmen i ein sum.*

- Salmen passer godt på David og livssituasjonen hans. Han var mykje på flukt, opplevde tider med mangel på mat, var nær komen på avvegar, men opplevde at Gud er trufast.
- Salmen synleggjer ein trygg tillit til Gud trass farefulle terreng og situasjonar.

3. *Aktuell bodskap.*

- Bileta av *vert*, *bord*, *beger* kan brukast med tanke på nattverden. I nådemidla finner vi næring, kvile, ny kraft og styrke.
- Jesus og *hyrdingebilete* (Joh 10, 11-18 sml Matt 9, 36; Luk 15, 3-7; 1 Pet 5, 4; Op7, 17).



Dreieskiva.com